



Ryland Bygg AS
Giil
6958 SØRBØVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3856 - 16/33279

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
06.12.2016

Vedkomande plassering av minireinseanlegg - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Administrasjonen syner til rammeløyve og delvis igangsettingsløyve som omfattar minireinseanlegg datert 21.09.16.

Plassering av avlaupsanlegg langs offentleg veg

Tomta gbnr 247/11 grenser mot kommunal veg. Byggegrense mot veg er for desse vegane 15 meter i frå midtre vegbane. Slik vi kan sjå er anlegget plassert nærmare enn 15 meter, og administrasjon beklager at dette ikkje er oppdaga tidligare.

Det må anten sendast inn søknad om endring av plassering eller søkjast om dispensasjon i frå byggegrense.

Vi gjer merksem på at endring av plassering krev ny nabovarsel, i samsvar med pbl § 21-3, og det må sendast inn nytt situasjonskart som syner ny plassering og minsteavstand i frå veg og nabogrense. Ved søknad om dispensasjon skal denne handsamast av kommunen som vegmynde. Ved søknad om dispensasjon må det også sendast inn nytt situasjonskart der det er målsatt minsteavstand til anten vegkant eller midtre veg. Vi ber også om at det vert redegjort for handtering av snømasser i forhold til eksisterande plassering av anlegget, som synleggjer forsvarlig drift og vedlikehaldsmogelegheit av anlegget.

Vi ber om at dette sendast inn så snart som mogeleg og seinast innan 13.01.17.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Dyrkolbotn Fjellstove v/Signhild
Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 119 5994

VIKANES

Mottakarar:

Ryland Bygg AS

Gil 6958

SØRBØVÅG